

Grøn næringsutvikling Sogn - forprosjekt

1

Sogn regionråd
28. oktober 2022

Organisering

2

Oppdragsgivar: Sogn regionråd

Prosjektansvarleg: Dagleg leiar Sogn regionråd

Prosjektleiar: Trine Grøtnebø, Årdal Utvikling

Arbeidsgruppe: Alf Einar Karlsen og Trine Grøtnebø

Styringsgruppe: Inger Oddrun Sverkmo, Linn Janette Underdal Skarsbø, Audun Mo, Trygve Skjerdal, Ivar Kvalen, Hallvard Thomassen

Resultatmål

3

Prosjektet hadde 3 resultatmål:

- a) arbeida for auka bruk av energiresursane lokalt for å sikra verdiskaping i eigen region.
- b) leggja til rette for at næringsnettverket og bedriftene samarbeider og byggjer kunnskap om moglegheiter innanfor det grønne skiftet.
- c) styrka grønt-sektoren i regionen gjennom gode rammevilkår og tilrettelegging.

Gjennomføring

4

Hovudaktivitetar i kartlegginga

- Intervju – 28 intervju med bedrifter og andre interessentar
- Funn frå prosjektet «Teknologi og digitalisering» er med i grunnlaget
- Kunnskapsgrunnlaget frå rapporten Grøn region Vestland lagt til grunn for arbeidet med sluttrapporten
- Mykje teams intervju
- 3 styringsgruppemøter
- Styringsgruppa har kome med gode innspel og anbefalingar undervegs
- Prosjektgruppa har hatt fleire møter undervegs i prosjektet

Resultatmål 1: *arbeida for auka bruk av energiressursane lokalt for å sikra verdiskaping i eigen region*

5

- Behov for «vaksenopplæring» rund bruk av energiressursane
- Viktig at alle skjønar konsekvensane av vala dei tek - Kva har det å seie for økonomien i kommunen? Innbyggjarane? Miljøet?
- Ingen grunn til å selje kraft på «billegsal» - Kommunane i Sogn vil vere attraktive berre på grunn av tilgangen på garantert fornybar energi
- Kommunane må vere bevisst på kva bedrifter dei ynskjer å tiltrekke seg. Satsing på grøn næringsutvikling forpliktar, og må gjenspeglast i vala kommunane tek.
- Viktig at kommunane kartlegge energiressursane og kva potensiale som ligg der
- Regionrådet si rolle bør vere å synleggjere eksisterande energiressursar og planlagd utvikling i kommunane, samt synleggjere eksisterande kompetanse og skape arena for kompetansedeling, for på denne måten å skape synergjar og samarbeid på tvers av kommunane og bedriftene.

Resultatmål 2: *leggja til rette for at næringsnettverket og bedriftene samarbeider og byggjer kunnskap om moglegheiter innanfor det grønne skiftet*

6

- Ynskje og behov for å synleggjere eksisterande kompetanse, prosjekt og potensialet for samarbeid innan grøn næringsutvikling
- Skape møteplassar for kunnskapsdeling og samarbeid med rammer tilpassa bedriftene
- Regionrådet må bygge oppunder eksisterande prosjekt, men også vere kritiske til kva prosjekt som bør prioriterast, er alle prosjekta riktig mhp å nå måla?
- Fleire like prosjekt på gang som overlappar kvarandre. Dei er likevel viktige då dei er med på å skape merksemd og kompetanse rund grøn næringsutvikling.

Resultatmål 3: styrka grønt-sektoren i regionen gjennom gode rammevilkår og tilrettelegging

7

- Sogn frukt og grønt har samla heile grøntnæringa i Sogn
- Regionrådet må bygge opp under denne felles store aktøren i grøntsektoren i Sogn
- Potensiale for samarbeid på tvers av næringar
- Skape arenaer for å synleggjere eksisterande kompetanse, prosjekt og potensialet for samarbeid, både innad i næringa men også på tvers av næringar

Rammer og omfang

8

Prosjektet vart gjennomført i perioden 1/4 2022 – 15/10 2022.

Budsjettet og finansieringa for prosjektet såg slik ut:

Budsjett	2022
Prosjektleiar inkl alle kostnader	kr 100 000
Arbeidstid for deltaking i prosjektet	kr 200 000
Samla budsjett	kr 300 000
Finansiering:	
Midlar Sogn regionråd	kr 100 000
Eigeninnsats frå kommunane og regionrådet	kr 200 000
Samla finansiering	Kr 300 000

Prosjektet er innafor budsjetttramma.

Konklusjon

- Det er mange prosjekt innan grønn næringsutvikling i regionen
- Det er behov for å synleggjere prosjekt og kompetanse i Sogn
- Det er behov for å Skape arena(møteplassar) der bedrifter, kommunar og andre kan dele kunnskap og skape potensiale for synergjar og samarbeid på tvers av bedrifter, kommunar og næringar i Sogn.
- Samarbeid vil vere viktig for å nå klimamåla fram mot 2030 og 2050
- Prioritere for å få realisert dei prosjekta som gir størst «utbytte»
- Regionrådet må vere med og «sette retninga» for kommunane

Forslag om vidareføring – konkrete tiltak

Sogn regionråd bør ikkje sette i gang eit hovudprosjekt som endar opp med å bli enda eit prosjekt innanfor grøn næringsutvikling. Grøn næringsutvikling må vere ein overordna målsetjing for all aktivitet i kommunane i Sogn. Sogn regionråd bør støtte opp under eksisterande prosjekt men også vere kritiske. Sogn regionråd bør vere med og «sette retninga» for kommunane innan grøn næringsutvikling.

- Kartlegge og synleggjere kompetansen innan Grøn næringsutvikling i Sogn
- Skape arena(møteplassar) der bedrifter, kommunar og andre kan dele kunnskap og skape potensiale for synergjar og samarbeid på tvers av bedrifter, kommunar og næringar i Sogn.
- Bruke relevant kompetanse i kommunane til å opplyse politikarar og kommuneadministrasjon i forkant av viktige avgjersler som skal tas i kommunane og regionen i alle forhold som kan ha innverknad på det å nå klimamåla.
- Lage kriterieliste over kva type nye bedrifter ein ynskjer skal etablere seg i Sogn
- Vere pådrivar for at kommunane brukar og engasjera seg i planane til Vestland Fylkeskommune, eks. Klimaplan, Grøn region Vestland.
- Vere pådrivar for at kommunane prioritera tilskot til dei bedriftene som har fokus på grøn næringsutvikling.
- Vere med og skape tillit og openheit – felles mål om å løyse noko som er større enn enkeltkommunane

Forslag til gjennomføring

Regionrådet legger til rette for og følger opp at dei arena i Sogn som er egna for kunnskapsdeling innanfor grøn næringsutvikling vert brukt. Dei naturlege arenaene i dag kan for eksempel vere Årdal Teknologipark, Sogn frukt og grønt, Vite Meir på Kaupanger og Luster miljøstasjon. Det er i tillegg fleire av prosjekta som er i gang som vil skape gode arenaer for kunnskapsdeling, som for eksempel «Pilot for regional satsing på ombruk i Indre Sogn» i Lærdal og «Kaupanger sirkulere industripark».

Prosjektgruppa og styringsgruppa ser det ikkje som naudsynt å sette ned eit eige hovudprosjekt for å vidareføre aktivitetane, men at dagleg leiar i Sogn regionråd har ansvar for oppfølging og har med seg ei ressursgruppe i arbeidet, med personar frå næringsnettverket.

Med ansvar for oppfølging meiner me ei overordna koordineringsrolle. Ressursgruppa jobbar med sjølve vidareføringa. Ressursgruppa må bestå av personar som er genuint opptatt av grøn næringsutvikling. I tillegg til personar frå næringsnettverket kan ein gjerne ha med andre personar som har kompetanse innan, og er opptatt av, grøn næringsutvikling.

Innspel frå regionrådet

12

- Korleis rigge ei vidareføring utan eit nytt prosjekt?
- Ressursgruppe frå heile næringsapparatet eller dei som vil?
- Korleis finansiere vidareføringa?
 - Lik ressursbruk i kommunane
 - Ein sum pr kommune
 - Eksterne midlar (vil ta tid)
 - Midlar frå regionrådet